



Dette vakre stemningsbiletet med Sandakaaien og Vertshuset i fokus er teke laurdag kveld. (Foto: Audun Eik)

Sjølv om det kom mange på ein gong, var ikkje besøket av gjestebåter i båthamnane i Uskedalen spesielt stort i helga, fortel Annemari Kristoffersen og Hanna Kjærland, som krev inn "landingsavgifta" i Uskedal Båtlag si hamn.

Besøket var heller moderat samanlikna med tidlegare i juli.

Fredag var det 20 gjestebåtar, medan talet var 19 laurdag og 25 sundag. Tidlegare i månaden har det vore rundt 30 mange gonger.

Når det ikkje kom fleire, hadde det sikkert samanheng med dei store arrangementa på Varaldsøy og Halsnøy, som hadde svært stor oppslutnad.

Det var heller ikkje mange utlendingar, faktisk berre eit lite innslag av tyskarar.

Men Vertshuset har framleis godt besøk.

Av Ola Matti Mathisen